

Båtrepasjon ved Melavatnet

Å oppdage at båten ved Melavatnet var sprukken frå ripa og heilt ned til botnen gav eit øyeblikks vonbrot etter turen opp frå Kjel for å setje garn, men etter ein tur inn på hytta for å sjå kva som fanst av verktoy og materiell, var håpet om å få sett garna likevel tendt. Der var det alt eg trengde: Ein snøspade, treskruar og skrujarn, hammar og ein stor spikar til å slå hol i spaden med, borvinde og bor for å lage skruefeste i plastbåten, eit sitjeunderlag, og til sist ei dørhengsle for ekstra avstiving av båtripa.

Så var det berre å setje igang med reparasjonen. Ei stipe av sitjeunderlaget var ypperleg som tetningspakning. Berre nederste delen av sprekka var for trang til å få trykt inn underlaget. Deretter var det å ta av skaftet på aluminiumsspaden, slå hol i den og skru den fast med 4 treskruar. Men framleis var det eit lite gap i sprekka. Det er her dørhengla kjem til nytte som perfekt avstivning på utsida av ripa. Men det var framleis ei lita sprekk nederst på båtsida. Då var det ikkje anna råd enn at lommeduken måtte ofrast. Etter eit siste drag under nasa vart den møysommeleg stappa inn i sprekka med skrujarnet. Så var det klart for sjøsetjing. I førstninga kom det ikkje inn ein dråpe, men etter kvart tok det til å sive inn litt vatn gjennom lommeduken, men ikkje verre enn det gjekk greit å få sett ut garna. Lukkelege var vi, eg og dotter mi Mari Sofie. Eit hjørne av spaden som stakk over ripa vart saga av neste dag med eit baufilblad som også låg på hytta. Det er flott at det finst alt ein treng for båtrepasjon på hytta. I ettertida bør nok lommeduken erstattast av eit anna tettemiddel, men inntil vidare går det greit. Så får Fjellstyret avgjere om dei vil kjøpe ny båt eller ny snøspade.

Jarle Sandvik